



---

# HOLMGANG

---

BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER

---

Nr. 1

12. april 2011

Årgang 38

---



Gunbjørg og Gaute har feira eit rundt år!

## HOLMGANG 2011

Redaktør: Jan Finjord

Redaksjonsmedlem:

Audun Rosland

Holmgang kjem ut med 4 nummer i året.  
Bladpengar for direkte tinging av papirkopi  
av bladet: Kr. 50.- pr. år. Lysingsprisar:

1/4 side: Kr. 275.-

1/2 side: Kr. 450.-

1/1 side: Kr. 800.-

**Stoff-frist til nr. 2 / 2011:**

Sist i mai!

### I dette nummeret:

Framsdebilete

v/ Gaute

Leiarteigen

3

Nytt frå Leikarringen

4

Ord frå redaksjonen

4

Vi har høyrte at . . .

4

Gunbjørg og Gaute 70 år

5

BUL-styret 1900

6

På vitjing til Hafsrø

7

Annonse

8

## Ved Hellvik



No til dags ein fin turveg! (Foto: Anna Motland)

---

Dette nummeret av Holmgang er sett med 12pt Helvetica i L<sup>A</sup>T<sub>E</sub>X for Ubuntu 10.10 Linux.

## Leiarteigen

Sjølv om det er slutten av mars, så er det framleis litt vinter. Dei som likar seg på kvitt underlag kan sikkert halde det gåande til over påske etter all den snøen som har kome i vinter i fjellområda.

Det har vore bra aktivitet i Siddisstova i vinter med både nybyrjarkurs og god oppslutning om Leikarringsøvingane. No gjeld det å halde koken sjølv om det vårast ute (jallefall her i låglandet). Det er jo ein god gjeng frå både Vibå og Leikarringen som skal til Bornholm i pinsen, så det er berre å trimme dansefoten.



Foto: Anne Marie Nerby

Etter årsmøtet i februar makta vi ikkje å fylle alle plassane i styret. Difor vart det framhald under ein pause i Leikarringen i mars. Framleis blei det noko manko, men styret håpar å få hjelp frå nokre medlemmer til enkelte oppgaver som til dømes å laga til haustfest og 17. mai-fest. Det er me i styret svært glade for. Dei som er med i styret etter årsmøtet er:

*Anne Marie Nerby* – Leiar

*Roger Strand* – Nestleiar, leiar Lagsbruket

*Torill Stordalen* – Skrivar

*Lise Øzgen* – Leiar Leikarringen

I tillegg har me Audun Aarflot med som organisasjonssekretær og reknskapsfører. Han syter for å senda ut informasjon til medlemmene samt ein del papirjobb mot offentlege instansar og Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Dette letter arbeidet som tillitsvalde i BUL særst mykje.

Utanom faste saker og gjeremål, har styret drøfta kva BUL kan vera for medlemmene samt korleis få med nye medlemmer. Me har faktisk drøfta å starta opp att barne- lag ved å kontakta naboskulane. Men då treng laget instruktørar og leiarar. Kor skal me ta desse frå? Kva med å samarbeide mot det pedagogiske miljøet ved Universitetet? Gjennom Norges Ungdomslag finn ein lett høvelege kurs til å læra opp folk i “ungdomslags ånd” om dei sjølv fattar interesse for arbeidet vi driv. Ein må vel og jobba med å koma inn i skulefritidsordninga for å få med ungene.

Siste laurdag i mars var me to utsendingar frå BUL på årsmøte i Fylkeslaget. Der fekk me høyre om eit vellukka barne- stemne sist sommar i Nordfylket med 80 deltakarar, så dei får det til nokre plassar. Der vart og drøfta korleis ein kan samarbeide om folkedansarbeid og utveksle erfaringer mellom danselaga i Rogaland Ungdomslag. Årsmøtet fekk og vitjing frå NU-kontoret ved Alf Steinar Nekstad. Han tip- sa om studiestøtte og prosjektstøtteordin- gar for ungdomslag. Audun Aarflot sytar for at BUL får med seg desse støtteordninga- ne.

*Anne Marie*

**NB: Vel møtt i Siddis-Stova 17. mai!**

## Nytt frå Leikarringen

Den 25. januar etter første leikøvingstime hadde vi årsmøte i Leikarringen. To kaker var kjøpt inn så alt låg til rette for eit godt møte! Saklista gjekk unna i ein fei, og spesielt kjekt var det at heile styret tok attval. Styret i Leikarringen for 2011 består av: Lise K. Øzgen, leiar, Berit Fuglestad (kasserar), Magne Helle (skrivar), Gunnar Nitter, Marit Byberg (vara) og John Olaf Grimstvedt (vara).

Leikarringen planlegger elles tur til Bornholm folkedansfestival saman med Vibå spelemannslag. Vi rekner med at vi blir ca. 25-30 som reiser. Allereie no er det påmeldt til festivalen meir enn 500 dansarar frå heile Norden!

Vi har elles starta nytt kurs i folkedans; foreløpig over 6 gangar, men kan kanskje utvidast til meir. Arvid Haga er som vanleg instruktør.

Anne Marie, og underteikna var på storkurs i Bø i Telemark i siste helga i januar. Kurset vi deltok på var rekkedans (som Anne Marie deltok på) og inspirasjonskurs for instruktørar (som Lise deltok på). Det vart svært inspirerende helgekurs for begge, med hyggeleg leikfest på laurdagskvelden. Underteikna var og på fagseminar i Bergen 25.-27. februar. Temaet der var improvisasjon i turdansar frå Trøndelag.

*Helsing Lise K. Øzgen*

## Ord frå redaksjonen

Stofftørken varer ved: Dette nummeret blei på berre 8 sider. Men Holmgang voner at resultatet er sjåandes på, og planlegg å kome sterkt attende. I neste nummer, litt meir frå BUL Stavangers tidlege historie.

På omframt årsmøte i hovedlaget, med stort sett leikarringmedlemmer til stades, sa ingen seg viljug til å ta desse verva som ikkje vart fylt. Litt treigt? Om så styret seinare har høyrte frå medlemmer som kan hjelpe til med ymse oppgåver.

Det kjem tips om at medlemmene ikkje

les Holmgang: Berre få har iPad og liknande, og folk liker stort sett ikkje å lese på PC-skjermen eller bruke kostbar trykksverte sjølv. Kan redaksjonen enno ein gong oppmode styret om å vurdere fargetrykk på papir til alle?

Songdans er ein kjekk ting. Ein kan likevel lure, når ein tenker på kor internasjonalt orienterte dei var: Tru kva for karibisk dans Hulda og Ådne hadde interessert seg for, hadde dei vore her i dag?

*J.*

## Vi har høyrte at ...

- Kubansk *son* og avleidd salsa har ein sats kalla "montuno". Denne kan mellom anna inneholde "tilrop og svar" mellom eit kor og ein songar, ei form med afrikansk folkemusikalsk opphav.
- Eit BUL-medlem som ville lære meir om fransese, i vinden på tirsdaysøvingane den siste tida, anbefalar å google "fransese". Ein får då opp nyttige og interessante lenker. (Søk på "fransese video" eller "fransese" gjev overraskingar.)

## Tida går, er Gunbjørg og Gaute blitt 70 år?

Me i Vibå tenkjer med glede og takk på dei åra me har hatt i lag med dei.

For folkemusikkmiljøet her i distriktet har dei hatt ei uvurdeleg betydning.

Det heile starta då Gaute fekk i gang kurs i felespel med faste øvingar i 1972. Dette utvikla seg raskt til start av Vibå spelemannslag i 1973 med innmelding i landslaget.

Utan Gaute si eldsjel (med god støtte frå Gunbjørg) kan eg ikkje sjå at folkemusikken i distriktet hadde stått der den står i dag. Det kan i den samanhengen nemnast Bjerkreimsmusikken. Den vart lagt merke til på landsplan.

Alle dei øvingar, dansespel og kappleikspel Gaute har leia oss i er det mest ikkje

tal på. Og det renn over med minne om store opplevingar.

Det er utruleg for energi Gaute har vist. Det er som han aldri vart trøyt eller lei av å prøva å få oss betre. Han har vore som grunnfjell som alltid stilte opp, som kom fyst og rigga opp anlegg og var alltid med til alt var rydda på plass.

I eit slikt høve gløymer me ikkje kva Gunbjørg har vore for miljøet. Med sin interesse for folkemusikk har ho støtta opp om arbeidet og vore med i dei fleste samanhengar.

Me ser fram til fortsett mange gode år saman med Gunbjørg og Gaute.

*For Vibå  
Peder.*



Gaute "jammer" med ein afrikansk musiker i Tanzania i 2004 (foto: Anne Marie Nerby)

## BUL-styret 1900



BUL Stavanger feira i fjor eit halvrunder tal år sidan starten. Holmgang har gått til Kristian Bærheims samling av lagsblad 1917-1925 for å finne ut meir om dei som sat i det første styret. Folketeljningane i 1900 og 1910 på internett var og til god hjelp.

**Nils Mehus**, fødd i 1873 i Suldal, var vikarierende folkeskolelærer i Stavanger i 1900, og framleis folkeskolelærer her i 1910.

**Hans Øverland**, fødd i 1864 i Nedstrand, var "dagarbeidar" i Montana 1887-1893, kontorist i ei landbruksforretning i Stavanger i 1900, og lensmann i Nedstrand i 1910. Han står framleis som medlem i BUL Stavanger i 1920; ei Marta Øverland som og står i lista for 1920 kan ha vore dotter hans, fødd 1900 i Stavanger.

**Magnus Vaage**, fødd i 1879 i Jelsa/Erkjord, var "kontormann" i eit "handelskontor" i Stavanger i 1900, og folkeskolelærer i Strandebarm i 1910. Han var formann

i BUL 1900-1901.

For **Per Ritland** har vi ikkje funne ein sikker kandidat i folketeljningane. Det kan ha vore Peder Ritland, fødd i 1867 i Årdal, "pakhussformand" i Stavanger i 1900, og gårdbrukar i Fister i 1910.

**Sophus Thomsen**, fødd i 1878 i Hjelmeland/Fister, var "contorist" på eit "handelskontor" i Stavanger i 1900, og "manufacturkjøbmand" her i 1910. Han var formann i BUL januar-september 1901, og formann i Lagsbruket 1904-1912.

For **Berta Vaage** fann vi fleire usikre, og for **Kristian Lunde** ingen sikre nok.

**Lovise Evertsen**: Det kan ha vore [Karen] Lovisa Evertsen, fødd i 1864 i Ognå, "sypige" i Stavanger i 1910; eller Maren Lovise Evertsen, fødd i 1873 i Stavanger, "telefonistinde" her i 1900 og 1910.

Sit nokon med meir kunnskap? Holmgang tar gjerne i mot tips og rettingar.

J.

*amo* har ridd mot solnedgangen med mobilkameraet, og var bokstavleg tala ein tur på gamle tomter:

## På vitjing til Hafrsro

Holmgangs sjølvutnemnde medarbeidar går laus! Her er brønnen ved Hafrsro:



Og her ser ein restar av den gamle grunnmuren i forgrunnen:



*amo*

# B

RETURADRESSE: P.b. 451 Madla 4090 Hafrsfjord



**NORDAKER  
BUNADER A/S**

**Spesialforretning i Rogaland, Østervåg 19,  
4006 Stavanger tlf. 51 89 70 40**